

Imponerte Ole Ivars; Systrene Nilsen neste for Jazzverket.

29.05.2011



Ole Ivars vart transportert på herskapeleg vis (Foto: Bjarne Øymyr)

Nattdansen under Rosendal Musikkfestival vart ein kjempesuksess.

Dansebandkongane i Ole Ivars sytte for god dansemusikk og topp stemning blant publikum.

Både musikarane og puklikum var svært så fornøgde då siste melodi tona ut ved eitt-tida.

Likevel er det nok det som skjedde i ettermiddagstimane som vil gjera at

Ole Ivars vil hugse denne spelejobben i Rosendal heilt spesielt



Trompetutdanna William Kristoffersen var raus med lovorda til Vegard Døssland (Foto: Torunn Døssland)

Vel ankomne til baronibygda vart musikarane transportert til Nerhus-kjellaren på herskapeleg vis i Torkjell Nerhus si rullande utestove. (Den fleksible traktortilhengaren hadde tidlegare på dagen vore brukt som scene under festivalen.) I Nerhuskjellaren venta middag på gjestene. Ingenting kunne då passa betre å servera enn den lokalproduserte Sunde-pølsa. Den fall verkeleg i smak!!! Bandleieren William Kristoffersen har sikra seg at "sambygdingen" Torunn Døssland har med denne lokalproduserte pølsedelikatessen til han neste gang ho reiser austover.

Til god mat høyrer ikkje berre god drikke, men også god musikk. Det fekk dei då Rosendal og Omland Jazzverk gav ein minikonsert. Dansebandmusikarane var storleg imponert over kvaliteten på det det lokale jazzbandet presenterte. William Kristoffersen har topp utdanning frå Musikkhøgskulen. Der hadde han ikkje elbassen han brukar i Ole Ivars som hovudinstrument, men trompet. Han uttalte seg svært rosande både om den unge trompetisten Vegard Døssland og om resten av Jazzverket. Ein av musikarane, slagverkaren Torkjell Nerhus, var og på scenen og spela med Ole Ivars i samfunnhuset. Eit svært populært innslag blant publikum.

Grunnstamma i Jazzverket er Lars Storegjerde (tangentar), Stein Haugen (bass) og Torkjell Nerhus (slagverk). Siste året han dei to ungdommane Ananda Gopi Storgjerde(vokal) og Vegard Døssland (trompet) vore så heldige at dei har fått musisert saman med denne dyktige trioen. Alle fem vert med når Jazzverket skal spela på Systrene Nilsen 11.juni. I tillegg får vi oppleve to andre Uskedals-talent - Aleksander Rebaudo (vokal) og Sindre Aksnes (slagverk) vert med på nokre nummer.

Denne dagen kan ein oppleve Jazzverket i to omgangar. Det vert først mini konsert om ettermiddagen og deretter fullt program om kvelden. Jazzverket har eit variert repertoar, og musikken fell i smak hos eit stort publikum, slett ikkje berre dei som vert rekna som jazzelskarar. Det ligg an til ein kanonkveld, og ein gjer truleg lurt i å kontakta Systrene Nilsen for å reservera plass.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland